Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sande

Emne: Giftefærdig Ungdom

Bygdelag: Sandsøy

Oppskr. av: Eckhard Bringsvor

Gard: ~~Sa~~ Leina - Sandshamn

(adresse): Sandshamn

G.nr. 73 Br.nr. 20

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spörsmål 1-2 Det var sömeleg og god skjikk at ein fann seg gjifte i same bygda.
Men det var og vanleg, at ein fekk seg kone frå andre bygder.
Her i bygda, har minst det halve av konorne vore innflytta frå andre bygder, og sovidt eg har höyrt, hadde folk stort sett ingen ting imot det.

3 Ja i eldre tid, skulde helst ikkje, ein gut, som hadde Gard eller Jord gjifte seg med ei Plassemanns-dotter, eller Husmansdotter!

4 Ja det var like eins, for både kar og kvende!

5 Ja i eldre tid avgjorde foreldre dette, men so hende det ofte, at born gjorde det motsette av kva foreldra bestemte, og dette valde ofte usemje, millom foreldre og born!

6 Ja det var helst, dei som hadde beste gardane, og følte seg ein del betre, både sosialt og materialistisk, som la slike planar for borne sine!

15446

# Giftefærdig Ungdom

7 Nei at dei gjorde slike avtalar, med borna var små, har eg ikkje høyrt, utan at det var sagt for spøk, til borna!

8 Vi sa Syskjenbyte. Det var, og er, når ein bror og ei syster, gifter seg med ein bror og ei syster!

9 Hadde ein av partane Gard, so var det om å gjera, at den andre parten, var frå ein gard, helst der det var velstand, sjeldan, at ei Plassemannsgjente, vart gift til ein Storgard!

10 Folk meinte, det var uheldig, at ein var i slekt. Det var sjeldan at syskjenborn gifta seg ihop. Men når det hende so var det helst for å berga garden for slegta, eller for at rikdom og velstand ikkje skulde koma ut or ætta!
Men tremenningar og firmenningar vart ofte ihopgifte då som no!

11 Kva for side skyldskapen var, hadde lite å betyda

12 Ja det hende ofte, at born sette seg upp mot foreldra, for at dei ikkje fekk gifta seg med kven dei vilde.

13 Ja det var vanleg at det skulde gå illa, når ein gjorde imot foreldra, men i sume høve gjekk denne foreldre retten for vidt, so dei unge fekk medhald av folket, og foreldra hadde urett!

14 Ja dei unge, fekk ofte medhald, av slekte som hjelpte dei gjenom striden med foreldra!

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15 Eg kjenner til at ein mann brukte å løysa skot, med same brura, kom til den garden ho skulde bu. Men det var ein gardmann som gjorde dette, for å hæda Plassemanns konorne!

15446

Emne nr 71 Giftefærdig ungdom!

16 Jau det hende vist, at ein slik pröve vert sett, enten um han dugande fiskar, eller om han hadde evne til å tena pengar, eller få seg ein gard. Såg dei då at denne mannen dugde til det som trengdes, gav dei sit samtykkje!

17 Jau Plassefolk, Husmenn, og Fiskarar stod heilt fritt i dette höve, og kunne gifta seg med kven dei vilde. Sjölsagt vilde nokk foreldre råde her og, men stort sett, stod denne klasse friare!

18 Jau enkone stod nokk friare, og dei var ikkje so nöye kven dei fekk til mann berre han var arbeidsglad og flink!

19 Ja det var vanleg, at ein fekk ei kone, som hadde noko pengar, eller ein heim å starte med. Noko aldersforskjel tydde ikkje so mykje!

20 Nei dette med vertel i vass folk i fula har eg berre höyrt og lese om, men det har ikkje vore vanleg i vår bygd!

21 Heller ikkje har det vore brukt midlar eller Hugvendigs dropar, so vidt eg har höyrt!

22 Folk trudde ikkje på sovore!

23 Gjekk gutar og jentor saman, på höglys dag, sa folk snakket, at dei var forlova!

II Nattefriing

24 I vår bygd, veit eg ikkje at har vore sokalla Nattefriing dei siste 60 åra.

25 Har höyrt at dei kalla slike for Nattelaupar, eller Nattelöparar!

26 Nei det var omtrent, det same, og det gjek vel ut på, at guten vilde ligg med jenta den natta

15446
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr 71. Giftefærdig ungdom
Nattefriing!

27 Der gutane viste, at der var tvo jentor gjekk tvo ilag, var det berre ei jente, laudde guten seg avstad åleine.

28 Ja, ein var vaksen, før ein tok til å gå etter jentone.

29 Det var so ymest med det, viste dei at der var jentor som tok imot deim, so var det både i grende, og nabobygda.

30 Ja var det for å halda leven var, dei med alle, både høge og låge. Ikkje minst dei som var av betre stand, var med på dette!

31 Nei nokon viss dag brukar ikkje eg det var, Men har høyrt at Laurdag=natta, var helst brukt til nattefriing.

32 Kom det framande gutar til bygda, for å vera saman med jentone, vart det oftast gale, for gutane i bygda likte ikkje, at dei framande gutane for med jentorne, og det enda ofte med slagsmål!

33 Jau, so til vanleg gjekk, bondesöner, og tenestgutane ilag. Men var det meir ingåande, slik at bondeguten, hadde ei han forefrakk, gjekk han åleine!

34 Nei, her har kje vore visse kvelder for tenarar, eller Husbondsöner!

35 Det her altid vore laurdag og Sundags kveldane, at ungdomen råkast, i heimom tid möttest ein etter eit möte eller samkome.

36 Nei noko forbod, for å gå til jentone var det ikkje. Sjölsagt gjekk ein ikkje når nokon låg död i garden. Men elles möttest ein alle dagar, so nar som i Julidag, den dagen har vore rekna som heimen sin dag!

15446

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Emne nr 71. Giftefærdig Ungdom

37 Ja det var ofte nabogrende, nattefriaram vitja; dei vart ofte betre mot tekne der, enn i heimgrenda, der det var meir gjennomsiktig, og lett kom ut, kva som hende!

38 Jaja det var mangt dei fann på, og dei gjorde seg ofte ütjenaleg, både i mål og måle, isor når dei hadde noko i toppen!

39 Nei noko verre veit ikkje eg [?] um, men dei song og tralla, og heldt mykje leven!

40 Ja var det tanken og opnå, noko hjå den jenta ein vilde gjesta, og ein hadde giftetankar til henne, gjekk det stilt for seg, helst so ingen i huset høyrde det.

41 Dei vilde gjerne, ha gjenta, gift. Og fekk dei vita at det var bra gutar, med gard og grunn, hadde dei ikkje noko imot, at den eller den var hjå jenta!

42 Jau dei lest no drygja, med å sleppa guten inn, og var det ein därleg gut eller rave, so fekk han slett ikkje koma inn!

43 Jau gutane hadde med Brun sukker Peppermynte, og seinare Drops og Sjokolade.

44 Til fjordane, hadde Peterjentone, noko som dei kalla Kjøsel. Det var som ei lita rund kake, laga av mjølk.
Har høyrt, at det var jentor, som hadde litt Brennevin, åt nattefriaren, ialfall om ho vilde opnå noko!

45 Eg hukser, at dei strikka fine ting, av Kanava tråd. So som Klokkefute, Pulsvantar som stakk fram om Trøyeerma, Kyrkjevottar, fine sokkar. Slips. Skjorter og ymse anna som guten var glad i.

46 Den einslege nattefriaren, vart nokk lenge heilt mot magonna. Men var det fleire i fylgje, for dei meist med leven, og for vidare!

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
15446

Emne nr 71. Giftefærdig Ungdom! 

47 Ja det var visst ikkje so sjeldan, var det
berre ei jente i din garden, og ho likte
guten, so vart han verande, og dei andre
for vidare.

48 Den som gjekk åleine, hadde oftast tru
på, at han vart mot teken, difor gjekk
han åleine, so ingen såg han, og helst
ein kveld då dei andre var heime!

49 Var det eit tòv, med ei jente, so visste dei
at han kom, i sær visse kveldar, og han
hadde ikkje noko imot at dei visste det!

50 Var dei forlova, so gjekk han til jenta
ofte i fleire år, til dei fekk hòve og
råd å gjifta seg, og setja bu!

51 Har nemd noko på 43–44. Ofte fekk
jenta ein venskabsring. Brystnåler. Klokke
og Forlovingsringar.

52 Jau det var ofte gjort fantestykke mot
nattefriaren. Dei gøymde burt Skoen
Hùva, ja til og med broka. Dette gjorde
helst dei som var forsmådd av jenta, og
vilde taka hemn. Andre gjorde det mest
på moro!

53 Sùmt av dette, har eg og høyrt ùm, men
det var slike som vilde gjera narr, av
guten og jenta som gjorde det!

54 Dei likte desse strekje dårleg, men dei
fann oftast, at det var klokast, og tola
og teia!

55 Dei var ofte veldig forarga for alle
desse fantestreka, og det hende dei gav
mykje vondord frå seg, men i lengste
laget fann dei, at det var best å tegja!

56 Ja dei vart rekna, for å vera forlova!

57 På Setran var det som heime, var det
fleire ilag, so var det mest for å halda
leven. Var det einslege, var det for å oppnå noko!

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15446

# Emne 71 Giftefærdig ungdom
## På Kyrkjebakken

58 Ja etter Gudstenesta, helste ungdomen på kvarandre, og fylgdist med åt Kyrkjebåten!

59 Det var vanleg, at ein fekk kjøpe eple, nede ved sjøen, og bryggja. Gutane kjøpte eple, og spanderte på jentorne. I eldre tider var det og småbrød. Kringle og Kavring, og ymse slags Kjeks. Slikt kjøpte dei, og spanderte på jentorne. For 150 år sidan var det og Brennevin å få kjøpt, men det vart visstnok forbode, for salg ved kyrkja.

60 Ja dei hadde Laupar med kyrkjemat i. Det var då ofte, at dei gav gutane av Laupen eller Tina, som som Lefse eller kaker. Ja Brunsukker, eller seinare Peppermynte med prat på.

61 Helst skulde Gutane koma fyrst, men jentone var heller ikkje att på og for koma fyrst!

62 Ja ho ga fort til syne, kven ho lika best, og det gjorde ho på mange måtar, ved helsing, gåvor, brev, og alle tenkjelege måtar!

63 Nei dette med Påske egg, har eg ikkje høyrt her, men til fjordane, gav dei gutane ein slags ost, som kallast Kjøsel. Den var laga av Kost, som dei tok or Kalvemagen, med same den var slagta. Dei gav Kalven heller mykje mjølk, før den vart slagta. Elles gav dei gutane fine Hoseband. Klokkeføter, Pulsvantar, og mangt anna!

64 Ja det var faste plassar, der dei kvilde både når dei for til Kyrkja, og når dei kom att. Frå ei bygd her som ligg litt langt unda, kvilde dei på Kleiva og Ormhaugen, og då vart det saktens prat millom dei unge!

15446
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne 71 Giftefirdig Ungdom!

65 Her ved Sande kyrkje, er ein stor kvit
Sand, fast og hard, her har vore leikeplass
for bygda sine born og ungdom, i alle tider.
Ovanfor Sanden, er ein fast og fin Voll
som har vore brukt å dansa på!

66 Ja det var ofte dans på denne vollen
nede ved Sanden, men dei siste 50 åra
har dette vore slutt!

67 Gjestebod var helst berre i Jula, då slegt
og grannar vitja kvarandre. Like eins
når det var barnedåp, og Graviferd!

68 Det var so ymse med det, helst etterpå
fann ungdomane kvarandre!

69 Når jentorne hadde lagt seg i flatsenga,
kom den guten, som jenta lika, og smette
seg med i senga til jenta!

70 Dette med Stabbedans, kjenner eg ikkje
til!

71 Kjenner ikkje til dette!

72 Som ovanfor!

73 Veit ingen ting om dette!

74 Ja det hende, at når det var Taktekking
, og dei hadde fått i seg Taktekargrauten,
at dei fekk dansa på Låven etterpå!

75 Fann ungdomen, var med på auksjon,
men har kje høyrt, at dei hadde dans
etterpå!

76 Nei her i våre bygder, har ikkje vore
Marknad:

77 Ja eg har høyrt, at det var mykje dans
på Marknadane!

78 Nei slike Samskotslag, har kje vore
brukt her!

79 Her har kje vore slike lag, anna enn
Bryllup, Graoferd!

15446
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Emne 71 Giftefærdig ungdom

80 Har ikkje høyrt om slike samkomor, i eldre tider. Men sidan dei Frilynde ungdomslag tok til for snart 70 år sidan, heldt jentone av og til festar, der dei spanderte på gutane!

81 Dei baud gutane til disse festane, ingen kom ubeden!

82 Det var rigtig god mat på disse festane, som jentone sjølv betalte.

83 Det var alle jentor i bygda, som var med på disse festane, og ofte var det 20 til 30 jentor med på disse festane!

84 Når det var helst laurdag eller Sundags kvelden disse festane vart halde, i veka, var det å arbeida!

85 Når dei var ferdige med fyrste bordsete so var det Leik og Dans, om ein annan. Song var det og mykje av, opplesing og små Foredrag, og til slutt nattmat!

86 Ja til fjordane, der det var Sitrar, var det mykje vert, med Sitahelg og sovore, men her ute ved havet, var kje Sitrar og Sitrelia!

87 Dei hadde vistnok, same slags moro, med leik og dans, der som her!

88 Ja ungdomen, har alle tider, kome saman Jonsok afta, til leik og moro, og bålbrenning. Men nokon Halvards dag, har ikkje vore fira her på vore kantar!

89 Nei nokon Kvanne sankings dag, har ikkje vore her!

90 Ditte å sanka Måse egg, høyrde berre til dei som åtte Mark og Holmar, der Måsen heldt til. Elles er det vanlig, og har vore det, å ro ut på flu̇der og fall, for å fiske Småsei og Torsk, men aldri i Samsa flokk!

15446

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne 71 Lettferdig ungdom

91 Ja ungdomen samlast, på den finaste flata
og slo Ball, eller Lyre, som det og var kalla her.
Men berre Helgakveldane!

92 Det var ofte, at eldre folk var saman med
ungdomen på leikeplassen. Dei sprekaste
var med i leiken, og dei andre såg på.
Men har ikkje høyrt, at det var for å passe
på ungdomen dei var med!

93 Ja var det leid mot kvelden, kom ungdomen
ut på vegane. Gutane for seg, og likeins
jentorne for seg, men etter kvart, vart det
meir i hop rota.

94 Det hende seg at ein møttest, anten på Post
staden, eller andre stadar, og då gjekk gutar
og jentor om ein annan. Var det då slike som
hadde eit godt auga til kvarandre, so vart
det gjerne ein liten tur!

95 Om vinteren sat alle kvar med sitt arbeid,
med rokk og Vevstol, sat kvinfolka, til langt
på kveld. Mannfolka arbeidde med ymse Tre-
vyrke, sledar, bytter og andre kjerald. Her på
vore bygder, var det og mykje arbeid med
sjøvegna, so nokon viss kveld å møtast, var
det ikkje.

96 Slike samkomor var ikkje her!

97 Som ovanfor!

98 Nei har ikkje høyrt om slike samkomor!

99 Veit ikkje om slike møte i vyka, men
Sundags kveldane, var det mykje slik
moro og underhalding!

100 Det var Dansarstove i Romhelga. I Fiskje
tida, når her var mykje tilreisande fiskarar
var det ofte dans på eit Sjøbudgolv.
Det var Fiskjekarane, som fekk dette istand!

101 Det var helst gutane, som gjorde istand
til dansen, og arangjerte den!

15446
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr 71 Giftefærdig Ungdom! 11

102 Det var karfolke, som fekk fatt i Spelmann-
103 Det var Gutarne, som dette utgiftarne ved Danse moroa!
104 Det var omtrent som før, sjølv sidan ein fekk Trekkspel!
105 Her har vore lite av Vinter sport, for veiret er oftast so vekslande, at snö og is fær kje ligga so lenge. Dog var det av og til noko moro på Isane, der sume hadde Is=skjöyter, og i Kjelkebakkane, der ungdom möttest, og hadde det gildt!
106 Stort sett tok ungdomen seg löyve, til å vera med på disse samkomom. Men det hende og at foreldre og foresatte nekta dei dette, og då var det ofte, den ufoegen, at dei laut stela seg lov, for å få vera med!
107 Ja gutane var kje godt å nekta, men jentone var meir föyeleg, og dei vart ofte nekta, å vera med på alt!
108 Var det rikting strenge husbondsfolk, so var dei like streng mot tenarar, som sine eigne born!
109 Det var relgiöse grunnar, som gjorde, at dei nekta born og ungdom, å vera med på Leik og Dans.
110 Ja när, det vart nekta av Far eller husbond so var det lov, og ingen torde bryta eit slikt forbod!
111 Har ikkje höyrt, at dei fekk noko namn om dei mötte nokon ett Jula!
112 Disse skikkar, er ukjende her!
113 Okso dette er framand for oss!
114 Kjenner ikkje til dette!
115 Heller ikkje har her vore brukt Juledokke!
116-117-118.119. Dette er framande skikkar for oss

15446

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr 71. Giftefærdig Ungdom

120
121
122

123 Dette er framande skikkar for oss!
124

125
126 Dette er og framande skikkar!
127

128 Ja frå gamalt, har det vore sakt, at jentor
hadde lov å fri på Skotårsdagen 29/2.

129 Har høyrt, at jentor har fria på denne
dagen. Men det var helst slike, som ingen
vilde ha. Så eg veit ikkje, at nokon
ekteskap har kome istand, på denne måten.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
15446

Sandshamn Pinse 196 Gerhard Bringstor